



6 km Ca 2 timar

Nautøya

Nydeleg padletur på om lag 6 km rundt Nautøya i Herøy kommune.

Frå naustområde på Jensholmen kan du legge ut med kajakk fra båtslippen. Ta til høgre frå småbåthamna og padle mot Smedholmen. Ver merksam på båtrafikk til/frå hamna.


Her kan du velje ytre lei (meir verutsett) eller du kan padle forbi Herøy gard inn i Herøysundet.

Fin rasteplass på vestsida av Herøya, rett i nærleiken av der vikingspelet «Kongens ring» årleg har sine framsyningar.

Her er mange flotte alternativ rundt både Herøya og Nautøya, du vil som oftast alltid finne områder som er i le.

På vestsida av øyene har du flott utsikt ut mot storhavet. Men ver merksam på dønningar og endra vindforhold som fort kan gjere turen litt meir krevande.

Når du padlar under fylkesvegen vil du kunne oppleve at der er tidevasstraumar under bruene.



Lenke til kartløyising:
[Bit.ly/padlekart](https://bit.ly/padlekart)



www.heroykajakk.no

Ulykke ☎ 113

Kvalitetsikra av:
padling.no



Padlevettegrar

1. Velg båt som høve til dine evne og til turen.
2. Sjekk at utstyret er i orden.
3. Kle deg etter vassstemperaturen. Ha med reservekle.
4. Ha alltid på deg godkjend padlevest.
5. Overvurder ikkje dine egne evner. Øv deg på redningsteknikkar.
6. Dersom du velte, forlat ikkje båt eller åre.
7. Ha respekt for ver og vind, og sjekk vermeldinga før du går ut i kajakk eller kano.
8. Hald god avstand til andre båtar. Sørg for å bli sett.
9. Lær deg livredning.
10. Ver miljøbevisst. Vis omsyn overfor naturen. Husk sporlaus ferdsl

